

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

III. INNSKRIFTER MED *fupork*

[809] N-76464. (Tidlegare omtala: Hagland 1986, 13, 15, 50; 1990b: 11 f, [44];
Christophersen 1998, 28, 34 f; Seim 1999: 351, 81 ff (omtala som A244).)

Innskrifta står på eit flatt runekjevle av tre, bevart i tre brotstykke som høver i kvarandre. Samla lengd på dei tre brota er 174 mm, breidda er 22-33 mm, og dei er frå 3 - 5 mm tjukke. Funnet vart gjort i 1981, felt FGv i hovudfase 8, som arkeologisk kan daterast til perioden mellom ca. 1225 og ca. 1275. Det er runer på den eine breisida av kjevlet, på den andre er det ein del riss i kryssmønster. Innskrifta tek til i god avstand frå kant og er 108 mm lang. Runene er frå 23 til 31 mm høge. Bogen på r. 2 (**u**) står eit stykke nede på staven. Det same gjer den opne bogen på r. 5 (**r**) og kvisten på r. 14 (**l**). R. 4, ås-runa, har kvistane til høgre, den øvste tydeleg med ein temmeleg utydeleg parallell lenger nede på staven. R. 8 har likeins svært utydeleg kvist ned til høgre, men må likevel sikkert nok lesast som **n**. Det er elles også ei avstikkande form på **a**, r. 10, i og med at kvisten går opp til venstre i staden for ned til venstre, slik vi oftast finn (jf. likevel N774). Elles er lese måten sikker nok:

ƿ h þ ǻ R ʝ * t i ʝ ' 1 ʝ t ǻ

f u þ o r k h n i a s t m l ʝ

fuporkhniast[b]mly

Innskrifta gir såleis ein ufullstendig **fupork**, ettersom **b** manglar. Spesielt med innskrifta elles er at r. 4 har kvistar til høgre. Den høgrevende ås-runa saman med den spesielle utforminga av r. 10 er drag det elles finst døme på i stuttruneinnskrifter (sjå Sanness Johnsen 1968: 20ff). Tilsvarande **a** finst òg i ein *fupork* frå Dublin med blanding av langkvist og kortkvistruner (jf. Moltke 1985: 364). Manglande **b** i innskrifta gjer likevel at spørsmålet om vi her har å gjera med ein *fupork* i stuttruner, må stå ope. Men sett på bakgrunn av alderen på den arkeologiske konteksten for funnet, kan utegløyninga og "feila" som er gjorde, elles komma av at det er ein uøvd ristlar som har gjort innskrifta. *Fupork*-en på dette kjevlet kan såleis like godt vera ei øving som noko anna.